



**OPPLEVING:** Jill Elaine Russel (f.v.) og sonen Scott Holmes er tilbake der forfedrane byggje på Taksdal i Time. Vidare står Tarald Oma, Harald Bjørgan som er etterkomar til Lars Larsen Geilane sin bror, Sven, og kona hans Unni Bjørgan. (Foto: Gunleif Seldal)

# På forfedrane si jord

Jill Elaine Russel sine forfedrar kom frå Taksdal i Time. Å besøkje plassen vart ei stor oppleving.

**STEINAR SANDVIK** | tekst  
ssa@jbl.no

Jill Elaine Russel frå Virginia i USA besøkte sist veke garden på Taksdal der slekta hennar stammar frå. Med seg hadde ho sonen Scott Holmes.

Tarald Oma fortel at mor og son aldri hadde trudd at dei skulle få oppleve å stå så nær røtene til forfedrane.

– Dei var svært takksame for å sjå området og gardane på Taksdal der dei første kjende spor av slekta er tidfesta til 1600-1700-talet, fortel Oma, som fortalde dei amerikanske gjestene om slekta han òg er ein del av.

– Dei hadde lyst å finne tilbake til plassane der forfedrane budde. I tillegg til Taksdal besøkte dei også Helland i Gjesdal som har band til slekta i USA.

## Gudmor

Jill Elaine Russel var invitert til Norge i samband med dåpen av båten «Restauration», der ho var gudmor. Ho er femte ledd etter Lars Larsen Geilane som organiserte den første reisa med «Restauration» til Amerika.

4. juli 1825 forlet Lars Larsen Geilane Norge for godt. Ombord i sluppen «Restauration» var det 52 personar. Då dei kom fram til målet i Amerika, talde flokken 53 etter at Lars Larsen Geilane og kona Martha Jørgensdotter Eide fekk ei dotter på overfarten.

## Kvekarar

Farsslekta til Lars Larsen Geilane stamma frå Taksdal i Time. Lars vart fødd i 1786. Faren Lars Svensen Helland budde ei tid på Helland i Gjesdal, og far hans Sven budde på Taksdal der far hans hadde gard heilt tilbake til 1600-talet.

Far til Lars Larsen Geilane flytta i 1771 frå Sæland i Time til husmannsplassen Geilane under Kannik, og det var her Lars vart fødd i 1786.

I heimen til Lars vart det første kvekararsamfunnet i Norge stifta. Mange av kvekarane møtte motbør. Ein sentral person i kvekararbeidet var Elias Tastad som ville ta opp kampen for trus- og yringsfridom heime i Norge. Men Lars ville reise til Amerika, for heime vart dei berre møte med forfølgning. Difor gjekk han i spissen for den første organiserte utvandringa frå Norge til Amerika.

## Brevkopiar

Jill Elaine Russel har lenge vore oppteken av slektsgranskning. Med seg til Norge hadde ho ein god dokumentasjon omkring slekta. Dette materialet overleverte ho til Utvandrarsenteret.

Gunleif Seldal frå Klepp har vore engasjert i fagleg råd og styre ved bygginga av den nye «Restauration», ein rekonstruksjon av det første norske emigrantskipet. Han fortel til Jærbladet at at dei først hadde kontakt med Scott Holmes, son til Jill. Då ho vart in-



**GUDMOR:** Jill Elaine Russel hadde helsingstale då «Restauration» var døypt. Til venstre Hans Storhaug, direktør ved Utvandrarsenteret. (Foto: Gunleif Seldal)



**185 ÅR ETTER:** «Restauration» anno 2010 på Vågen i Stavanger. (Foto: Gunleif Seldal)

vitert til seremonien i Stavanger, trudde ho først at det måtte vere ein spøk.

– Men ho kjende godt til heile historia etter at ho hadde forska mykje på etterkomarane til Lars Larsen Geilane. Vi kjem til å halde kontakten med henne. Ho har mykje interessante opplysningar som er viktige i samband med utvandringa frå Norge.

Seldal fortel at Jill Elaine Russel fekk med seg gåver heim til USA. Martha, kona til Lars Larsen Geilane, sende brev til Elias Tastad, kvekarleiar i Stavanger. Også Lars sende brev til Tastad. Det same gjorde dottera deira Margareth Allen, the sloop baby, som vart fødd under overfarten med «Restauration». Kopi av brevoriginalane var gáva til

## FAKTA

### RESTAURATION

- Stiftelsen Emigrantskipet «Restauration» vart etablert i 2007 med føremål å rekonstruere det aller første norske emigrantskipet.
- Ryfylke Trebåtbyggeri på Finnøy har bygt båten.
- Båten vart sjøsett våren 2010 og døypt 16. juni med Jill Elaine Russel som gudmor.
- Sommaren 2010 skal «Restauration» vere klar til å ta imot gjester.
- Informasjon om båten finst på nettsida [www.restauration.no](http://www.restauration.no)
- Den første «Restauration» vart bygt som ei jagt i 1802. Seinare vart båten ombygt til ein sluppen «Restauration» på 54 fot (omlag 18 meter).

gudmora for den nye «Restauration».

### Direkte linje

Lars Larsen Geilane og kona Martha Jørgensdotter Eide frå Fogn hadde ei stor familie. Dei fekk åtte barn, seks gutar og to jenter. Lydia Glazier var fødd i 1828 og barn nummer tre i søkenflokk. Ho vart gift med Frederick Churchill Whittlesey. Dei fekk dottera Fredericka Mortimer Whittlesey. Ho og ektemannen Frederick Thomas Sibson fekk sonen Clarence Whittlesey Sibson som vart gift med Margaret Jane McMeilly. Sonen deira Frederick William Sibson vart gift med Dorothy Elizabeth Stevens, og dei fekk dottera Jill Elaine Sibson som vart gift Russel.

Såleis er Jill Elaine Russel direkte etterkomar av Lars Larsen Geilane og Martha Jørgensdotter Eide.